

## MØTEBOK

* MELAND	* MØTEDATO	* SAK NR.	* TIL STADES	* ARKIV NR.
* FORMANNSKAP	* 29.10.86	* 234/86	* 7 av 7	* 304.
* MELAND	* 12.11.86	* 152/86	* 26 av 27	* 304.
* KOMMUNESTYRE				

Vedk. etablering av arbeids-  
tilbod for funksjonshemma,  
yrkeshemma og arbeidslause.

Vedlegg nr. 138/86.

Rådmannen 22.10.86:

Sakstilfang: 1. Særutskrift frå møte i Utval for  
funksjonshemma 30.09.86, sak 36/86.  
Vedlegg nr. 138/86.

Kommentar: Rådmannen vil vise til formannskapssak 089/86, der  
framtidig bruk av tidlegare meieri på Frekhaug vart  
godkjent til bruk for Meland Arbeidssenter. Det var ein  
føresetnad at plan for ominnreing m/kostnadsoverslag  
og framlegg til driftsbudsjett skal utarbeidast før saka  
skulle leggjast fram for Kommunestyret for godkjenning.  
Ei eiga arbeidsgruppe har lagt fram tilråding vedk.  
styringsform, plan og budsjett for ombygging og drifts-  
budsjett.

#### 1. Styringsform.

Utval for funksjonshemma gav opphavelog tilråding på, at  
arbeidssenteret skulle organiserast som eit aksjeselskap.  
Rådmannen kalla inn til møte med arbeidsutvalet, for å  
drøfte dei praktiske konsekvensar av denne styringsformen.  
Etter å ha vurdert saka på ny, vert det no lagt fram  
forslag om å etablere Meland Arbeidssenter som ein  
stiftelse (næringsdrivande). Uansett ovannemnde  
styringsform vil realiteten vere, at Meland Arbeidssenter  
si verksemd vert trekt ut av kommunen si vanlege verk-  
semd. Arbeidssenteret vil vere ansvarleg ovafor eit  
styre, og vil ha eit eige driftsbudsjett.  
Ein stiftelse eig sjølv sine midlar. Det er berre den  
kapital som stiftelsen eig, som er ansvarleg for den  
gjeld som vert påført. Stiftelser som driv nærings-  
verksemd må ha ein grunnkapital på minst kr. 200.000,-.  
Ein slik stiftelse må også melde seg i handelsregisteret.  
Aksjelova sine reglar vedk. innskott gjeld tilsvarende.

forts. sak nr. 152

D.v.s. at kommunen sitt innskott i form av utgifter til ominnreiing og inventar vil kunne godkjennast. Alle stiftelser skal ha eit styre, og det må utarbeidast vedtekter. Tilråding til vedtekter synes å tilfredsstillе Stiftelseslova Kap. V sine reglar.

Rådmannen har fylgjande merknader til vedtektene:

- § 5. I høve til innskottskapital er Meland kommune underrepresentert i styret. For å unngå å få for stort styre, bør styrerepresentasjonen frå interesseorganisasjonane avgrensast til 2 personar.
- § 6. Det bør framgå at innkalling til styremøte også må sendast stiftarane innan ein viss frist før styremøte.
- § 7. Styret vil ikkje kunne tilsetje det personalet, som skal ha sitt tilsetjingstilhøve til Meland kommune. § 7, 2. setn. bør difor presiserast nærare.

## 2. Driftsbudsjett.

Driftsbudsjettet tek utgangspunkt i 1 1/2 stilling. Rådmannen har ingen merknad til at Arbeidssenteret vert utvida med 1/2 stilling.

Pårekna underskott, kr. 317.977,-, vil verte Meland kommune sitt ansvar. Underskottet må utgiftsførast som tilskott.

Når det gjeld inntektssida, ser rådmannen det som prinsipielt viktig at delar av salsinntektene vert tilbakeførte som løn/velferdstiltak.

## 3. Plan for ominnreiing.

Rådmannen vil vise til skriv d. 29.08.86 frå teknisk sjef, vedlagt kostnadsoverslag og skisse.

Kostnad med ominnreiing er sett til totalt kr. 173.220,-.

Kostnadsoverslaget tek kun utgangspunkt i turvande ombygging, for å kunne gjere seg bruk av lokala til ovannevnte føremål.

Tidlegare rom for varemottak, kjølerom og 2. etasje er ikkje omfatta av ominnreiinga.

Rådmannen har ingen merknader til sjølve planen eller kostnadsoverslaget. Dersom Kommunestyret gjer vedtak om å gå med i arbeidssenteret, har ein samstundes akseptert kostnadene med ovannevnte ominnreiing.

#### 4. Inventarbudsjett.

Samla inventarkostnader er sett til kr. 45.000,-. Også desse kostnadene vil inngå som ein del av kommunen sitt innskott i stiftelsen. Inventarkostnaden verkar ikkje urimeleg, sett på bakgrunn av pårekna aktivitet.,

#### Framlegg til vedtak:

- 
- "1. Kommunestyret godkjenner at Meland kommune tilsluttar seg Meland Arbeidssenter. Kommunen sitt innskott, stort kr. 218.000,-, vert framskaffa ved å påta seg tilsvarande kostnad med ominnreing og inventar.
  2. Kommunestyret godkjenner framlegg til vedtekter, i samsvar med merknader frå rådmannen vedk. §§ 5, 6 og 7.
  3. Framlegg til driftsbudsjett vert godkjent slik det ligg føre. Pårekna underskott vert å utgiftsføre som tilskott med verknad frå og med budsjettåret 1987.
  4. Plan for ominnreing og innkjøp av inventar, med ein samla kostnad, stor kr. 218.000,-, vert godkjent i samsvar med tilråding i sak 36/86 frå Utval for funksjonshemma."

#### Samrøystes formannskapstiltråding:

- 
- "1. Kommunestyret godkjenner at Meland kommune tilsluttar seg Meland Arbeidssenter. Kommunen sitt innskott, stort kr. 218.000,-, vert framskaffa ved å påta seg tilsvarande kostnad med ominnreing og inventar.
  2. Kommunestyret godkjenner framlegg til vedtekter, i samsvar med tilråding frå Utval for funksjonshemma, men der § 5 lyder:  
"Stiftelsen vert leia av eit styre på 9 medlemer.  
Meland kommune oppnemner 4 medlemer.  
Meland lokallag av Norsk Forbund for Psykisk Utviklingshemma oppnemner 1 medlem.  
Meland lokallag av Norges Blindeforbund oppnemner 1 medlem.  
Meland Handikaplag oppnemner 1 medlem.  
Meland Helselag oppnemner 1 medlem.  
Arbeidstakarane oppnemner 1 medlem frå dei personane som er nemnte i prgr. 2, første ledd.

Alle medlemene har personlege vararepresentantar. Styremedlemene si funksjonstid er to år. Styret vel sjølv sin formann og varaformann. Formann og varaformann vert valde for to år."

§ 6 lyder:

"Styret held møte etter ein vedteken møteplan eller når formannen, to styremedlemer eller dagleg leiar krev det. Styret er vedtaksfør når minst 5 medlemer er til stades. Alle vedtak skal gjerast med simpelt fleirtal. Med likt stemmetal har formannen dobbel røyst.

Innkalling til styremøte skal også sendast til stiftarane minst 8 dagar før styremøte vert halde."

§ 7 lyder:

"Styret er ansvarleg for leiinga av stiftelsen i samsvar med gjeldande regelverk. Styret tek inn og fastset løn for arbeidstakarar, som fell inn under prgr. 2 ved verksemda. Styret tilset personalet. Ved inntak og tilsetjingar har dagleg leiar tilrådingsrett. Styret vil ikkje kunne tilsetje det personalet, som i dag har sitt tilsetjingstilhøve til Meland kommune. Dagleg leiar har fullmakt til å ta inn arbeidstakarar for kortare tidsrom, inntil ein måned.

Styret skal syte for at det vert ført rekneskap over stiftelsen sine eignedelar og gjeld, inntekter og utgifter. Rekneskapen skal fylgje kalenderåret, og skal avsluttast seinast tre månader etter utgangen av året. Styret er ansvarleg for at årsmelding, rekneskap og budsjett vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning til fastsett tid. Formannen i styret, eller den styret gjev fullmakt, har ansvar for alle ut- og innbetalingar."

3. Framlegg til driftsbudsjett vert godkjent slik det ligg føre. Pårekna underskott vert å utgiftsføre som tilskott, med verknad frå og med budsjettåret 1987.
4. Plan for ominnreiing og innkjøp av inventar, med ein samla kostnad, stor kr. 218.000,-, vert godkjent i samsvar med tilråding i sak 36/86 frå Utval for funksjonshemma."

Samrøystes vedtak:

-----  
Formannskapet si tilråding vart vedteken.

Rett utskrift.

Frekhaug, den 14.11.1986.

---

Jorun Eikevik

sekr.

Sendt: Utval for funksjonshemma,  
Komm.kass.,  
Revisjonssjef.

## MØTEBOK

for Meland formannskap

sak nr. 234 i møte den 29. oktober 1986.

Av 7 medlemmer var til stades.

Vedk. etablering av arbeids-  
tilbod for funksjonshemma,  
yrkeshemma og arbeidslause.  
A.nr. 304.

Vedlegg nr. 138/86.

Rådmannen 22.10.86:

Sakstilfang: 1. Særutskrift frå møte i Utval for  
funksjonshemma 30.09.86, sak 36/86.  
Vedlegg nr. 138/86.

Kommentar: Rådmannen vil vise til formannskapssak 089/86, der  
framtidig bruk av tidlegare meieri på Frekhaug vart  
godkjent til bruk for Meland Arbeidssenter. Det var ein  
føresetnad at plan for ominnreing m/kostnadsoverslag  
og framlegg til driftsbudsjett skal utarbeidast før saka  
skulle leggjast fram for Kommunestyret for godkjenning.  
Ei eiga arbeidsgruppe har lagt fram tilråding vedk.  
styringsform, plan og budsjett for ombygging og drifts-  
budsjett.

#### 1. Styringsform.

Utval for funksjonshemma gav opphavelig tilråding på, at  
arbeidssenteret skulle organiserast som eit aksjeselskap.  
Rådmannen kalla inn til møte med arbeidsutvalet, for å  
drøfte dei praktiske konsekvensar av denne styringsformen.  
Etter å ha vurdert saka på ny, vert det no lagt fram  
forslag om å etablere Meland Arbeidssenter som ein  
stiftelse (næringsdrivande). Uansett ovanneemde  
styringsform vil realiteten vere, at Meland Arbeidssenter  
si verksemd vert trekt ut av kommunen si vanlege verk-  
semd. Arbeidssenteret vil vere ansvarleg ovafor eit  
styre, og vil ha eit eige driftsbudsjett.  
Ein stiftelse eig sjølv sine midlar. Det er berre den  
kapital som stiftelsen eig, som er ansvarleg for den  
gjeld som vert påført. Stiftelser som driv nærings-  
verksemd må ha ein grunnkapital på minst kr. 200.000,-.  
Ein slik stiftelse må også melde seg i handelsregisteret.  
Aksjelova sin relgar vedk. innskott gjeld tilsvarande.  
D.v.s. at kommunen sitt innskott i form av utgifter til  
ominnreing og inventar vil kunne godkjennast.

Alle stiftelser skal ha eit styre, og det må utarbeidast vedtekter. Tilråding til vedtekter synes å tilfredsstille Stiftelseslova Kap. V sine reglar. Rådmannen har fylgjande merknader til vedtektene:

- § 5. I høve til innskottskapital er Meland kommune underrepresentert i styret. For å unngå å få for stort styre, bør styrerepresentasjonen frå interesseorganisasjonane avgrensast til 2 personar.
- § 6. Det bør framgå at innkalling til styremøte også må sendast stiftarane innan ein viss frist før styremøte.
- § 7. Styret vil ikkje kunne tilsetje det personalet, som skal ha sitt tilsetjingstilhøve til Meland kommune. § 7, 2. setn. bør difor presiserast nærare.

## 2. Driftsbudsjett.

Driftsbudsjettet tek utgangspunkt i 1 1/2 stilling. Rådmannen har ingen merknad til at Arbeidssenteret vert utvida med 1/2 stilling.

Pårekna underskott, kr. 317.977,-, vil verte Meland kommune sitt ansvar. Underskottet må utgiftsførast som tilskott.

Når det gjeld inntektssida, ser rådmannen det som prinsipielt viktig at delar av salsinntektene vert tilbakeførte som løn/velferdstiltak.

## 3. Plan for ominnreing.

Rådmannen vil vise til skriv d. 29.08.86 frå teknisk sjef, vedlagt kostnadsoverslag og skisse.

Kostnad med ominnreing er sett til totalt kr. 173.220,-. Kostnadsoverslaget tek kun utgangspunkt i turvande ombygging, for å kunne gjere seg bruk av lokala til ovannevnde føremål.

Tidlegare rom for varemottak, kjølerom og 2. etasje er ikkje omfatta av ominnreinga.

Rådmannen har ingen merknader til sjølve planen eller kostnadsoverslaget. Dersom Kommunestyret gjer vedtak om å gå med i arbeidssenteret, har ein samstundes akseptert kostnadene med ovannevnde ominnreing.

4. Inventarbudsjett.

Samla inventarkostnader er sett til kr. 45.000,-. Også desse kostnadene vil inngå som ein del av kommunen sitt innskott i stiftelsen. Inventarkostnaden verkar ikkje urimeleg, sett på bakgrunn av pårekna aktivitet.,

Framlegg til vedtak:

- 
- "1. Kommunestyret godkjenner at Meland kommune tilsluttar seg Meland Arbeidssenter. Kommunen sitt innskott, stort kr. 218.000,-, vert framskaffa ved å påta seg tilsvarande kostnad med ominnreining og inventar.
  2. Kommunestyret godkjenner framlegg til vedtekter, i samsvar med merknader frå rådmannen vedk. §§ 5, 6 og 7.
  3. Framlegg til driftsbudsjett vert godkjent slik det ligg føre. Pårekna underskott vert å utgiftsføre som tilskott med verknad frå og med budsjettåret 1987.
  4. Plan for ominnreining og innkjøp av inventar, med ein samla kostnad, stor kr. 218.000,-, vert godkjent i samsvar med tilråding i sak 36/86 frå Utval for funksjonshemma."

RÅDMANNEN I MELAND



Helge Thorsen